

Referat frå foreldremøte for 3. og 4. klasse måndag 16. februar 2015

Det møtte 10 foreldre.

Klassemiljø: Eit godt klassemiljø er heilt avgjerande for å få ein god skuledag både fagleg og sosialt. Skal ein få eit godt fagleg utbytte av skuledagen, må ein vera i «balanse» i forhold til dei andre i klassen, elles har ein fokuset heilt andre plassar. Klassemiljø er noko som ein må arbeida med kvar dag. Det er noko som ein ikkje vert ferdig med. Med to klassar i lag vert dette ei ekstra utfordring, og når me i tillegg har to nye elevar som ikkje har gått her før, vert det og noko ein må ha med seg.

Plasseringa i klassen er viktig med tanke på kven som har lyst til å sitja i lag og kven som arbeider godt i lag. Med ei god plassering kan ein få til gode sosiale relasjonar, og ein kan få til fagleg drahjelp med at ein hjelper og utfordrar kvarandre. Med dette som bakgrunn har ein bytta litt på kven ein del av elevane sit med. Dei som har vist seg å fungera godt i lag har stort sett hatt sine plassar, mens andre har vore litt på «leit». I matstunda har elevane plassert seg der dei har lyst, og ofte har dei spelt kort medan dei har ete maten sin. Då har ein sett etter at alle har hatt nokon å eta i lag med.

Elevane har her sjølv vore flinke til å sjå kvarandre og til å invitera andre i lag med seg. Dei har vorte flinke til å visa andre omtanke når dei har bruk for det. Dette har vore svært viktig med tanke på å få til det klassemiljøet som me har i dag, og som eg meiner er godt. Ute-skulen er og ein god arena til å arbeida med sosiale relasjonar og samarbeid.

Klassemiljø er og noko ein kan arbeida med utanfor skulen. Då tenkjer eg på fritida til elevane, og korleis ein kan arrangera kjekke ting som elevane kan vera i lag om. Dersom ein har opplevd å ha det kjekt saman er det lettare å «tola» kvarandre når ting buttar i mot.

Vurdedring: Dette er noko som ein har fokus på i dag på ulike måtar. På kvar vekeplan ligg det inne ei eigenvurdering i somme fag. Der er det meininga at elevane sjølv kryssar av der dei meiner dei står. Her kan de som foreldre hjelpa til med å finna ut kva eleven kan.

På skulen har me i lag laga kriteriar for kva som skal til for å få til ein god presentasjon av elevarbeid. Elevane får då vera med å kommentera kvarandre ut frå dei kriteria ein har laga. Det hender og at elevane gjev kommentarar til kvarandre på det skriftlege arbeidet dei gjer i bøkene sine.

Faglege utfordringar: Det å verta ein god lesar har høg prioritet. Alle elevane startar dagen med 15.min stillelesing i boka si. Dette er noko dei likar og som dei arbeider godt med. For å verta ein god lesar, må ein og vera glad i å lesa. I tillegg har me veileda lesing kvar veka. Då les elevane ukjent tekst. I denne lesinga møter elevane ukjente ord som dei lærer tydinga av. Dei vert og utfordra på tonefall og uttale av vanskelege ord. I tillegg til dette har elevane lekse i lesing kvar dag. Her er det svært viktig at elevane øver godt. Skal ein få flyt i lesinga, må ein ha lest ein del gongar i gjennom lekse si. Foreldre syntest det var ei stor utfordring å

finna bøker som engasjerte elevane til å lesa i på fritida. Som lærar gav eg uttrykk for at dersom ein fann lesestoff som handla om interessene til elevane, var ein stykkje på veg. Mange gutar var for eksempel svært interessert i fotball.

I skrivning prøver ein å få til lykkjeskrifta så godt ein kan. Her er det ikkje berre snakk om å kunna bokstavane, men og å vita korleis ein skal binda dei saman. Å meistra dette er vanskeleg og tek tid, men dei fleste er på god veg. Dersom ein skjerpar seg får dei fleste det godt til.

I matematikk kjem det heile tida nye tema med ulik vanskegrad. Likevel er det alltid ein del basiskunnskap som ein har med heile tida. Addisjon, subtraksjon, multiplikasjon og divisjon har ein med heile tida, men med ulik vanskegrad. Nett no har ein hatt fokus på multiplikasjonstabellane. Å klara å læra dei er ein stor jobb som ein ikkje gjer på ein dag. Dei må ein jobba med over tid og på ulike måtar. Det å pugga ein tabell om gongen er i alle fall ein måte å gjera det på. Å bruka nokre av alle dei gode nettoppgåvene som finst er også ein grei måte å øva på. Elevane på god veg til å læra seg tabellane. Dette er og noko som ein ikkje vert ferdig med.

Temafag som RLE og Naturfag/Samfunnsfag opplever eg som noko elevane likar. Dette er først og fremst munnlege fag. For å gjera desse faga meir levande for elevane, har eg brukt nettpresentasjonar ein god del. Dette vert så brukt som bakgrunn for det dei gjer i arbeidsbøkene sine. Det å sjå eit bilde til å teikna etter likar dei godt. I desse faga er det ein del øvingsord som står på vekeplanen deira og som er med på å hjelpa dei til å hugsa kva ein skal læra.

Så er det gym. Dette er eit fag som elevane likar godt og som dei har eit stort engasjement i. Har her hatt ein del aktivitetar der dei har vore nøydd til å jobba i lag, som for eksempel å laga bokstavar av kroppen sin og å hoppa i lag på hoppetau. Det å bruka hoppetau er ein fin aktivitet som ein og kan bruka heima.

Eventuelt: Klassekontaktane var opptekne med om gapahuken på Hokle var ferdig. Svaret her er at den er nesten ferdig. Det manglar nokre hjørnebord, gras på taket og ferdiggjering av eit bord. Med ein dugnadsdag ville dette vera mogeleg å få ferdig. Her kunne ein laga til ein kjekk tur/utedag med fyr på bålpanna til grilling og kos. Ein snakka og om den viktige rolla foreldra har for å skapa gode sosiale relasjonar.

Skrivar

Oddvar Stang
Oddvar Stang